



Lusangrep på fisk i distriktet (Foto: Svein I. Opdal)

**Svein I. Opdal går inn for at kommunestyret skal seia nei til den føreslegne utviding av Sjøtroll Havbruk sitt anlegg utanfor Skorpo. frå 3120 tonn til 5460 tonn biomasse.**

**Utvidinga kan synast bagatellmessig ettersom det vert produsert 100 000 tonn oppdrettslaks i fjorden årleg, men det totale omfanget er no så stort at den set ålvorlege miljømessige fotspor i lokalmiljøet, held Opdal fram.**

Sidan det meste er under vatn er det vanskeleg for ålmenta å sjå konsekvensane og reagere på verknadane.

Opdal meiner at luseproblema slett ikkje er under kontroll sjølv om næringa hevda det allereie for 10 år sidan. Resultatet er 70 prosent reduksjon av sjøaurestamma i vårt område dei siste 15 åra.


Opdal meiner at det ikkje bør gjevast løyve til utviding av biomasse i fjorden før dei negative konsekvensane er meir under kontroll. Han peikar på at rømminga av fisk ikkje er under kontroll og at konsekvensen er spreiding av fiskesjukdomar og lakselus.

På lengre sikt vert det genetiske materialet i elvane øydelagt. I Opo er den opprinnelege stamma skifta ut med oppdrettslaks og i Etne er 20 prosent av individa avkom av oppdrettslaks. Det er tap av laksestammar fleire stader og dermed tap av biologisk mangfald.

Til oppdrett av 100 000 tonn laks har det gått med 300 000 tonn fiskefor. Det som ikkje vert til laks, vert spreidd rundt i fjorden heilt utan kontroll. Ein ser konsekvensane på sei med elendig kvalitet, Plassering av oppdrettsanlegg har fleire stader øydelagt gode fiskeplassar i sjøen for sei, lyr og torsk. Det betyr tap av inntekter i lokalsamfunnet og for reiselivet.

Opdal meiner og at det no bør reisast eit politisk spørsmål om kven som eig fjorden og landskapet. Han spør kor lenge utviklinga med tildeling

av felleslandskapet sitt areal til enkeltpersonar og bedrifter skal fortsetja.



Anlegget ved Skorpo bør utvidast, meiner Sjøtroll.